

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utvålssak
Formannskap	11.05.2022	041/22

Sakshandsamar Iversen, Vera	Arkiv: K1-030	Arkivsaknr 21/543 - 3
--------------------------------	------------------	--------------------------

Ulvik herad- medlemskap i Trygg trafikk

Vedlegg:

Ulvik herad som medlem av Trygg Trafikk

Saksutgreiing:

Ulvik herad har fått invitasjon frå Trygg Trafikk Vestland å vera medlem.

TryggTrafikk er ein ideell organisasjon som samarbeider tett med dei ulike forvaltningsnivåa, både stat, fylkeskommunar og kommunar. Føremålet er å arbeida for best mogleg trafikktryggleik for alle trafikantgrupper, med eit særskilt ansvar for barn og unge. Både landsomfattande organisasjonar, institusjonar, foreiningar, lag, verksemdar, kommunar og fylkeskommunar kan bli medlemar i Trygg Trafikk.

Viktige tilbod som denne ordninga inneber:

- Bistand til kommunar som utarbeider trafikksikringsplanar
- Råd og rettleiing til foreiningar, lag og nærmiljøaksjonar som på ulike vis ynskjer å bidra til betre trafikktryggleik
- Kurs til barnehagetilsette og lærarar om trafikkopplæring av barn
- Kurs til helsestasjonar om sikring av barn i bil
- HMS-kurs kring trafikk for kommunalt tilsette etter ynskje
- Kursar barnehagelærarstudentar og grunnskulelærarstudentar
- Nyheitsbrev til alle medlemmer om aktuelle saker kring trafikktryggleik
- Gratis læringsressursar til barnehagar, skular og helsestasjonar
- Godkjenningsordninga Trafikksikker kommune
- Rettleiing kring etablering av Hjartesoner kring skula

Årleg medlemskontingent er kr 2500.

Vurdering:

Ulvik herad jobbar aktivt med ny trafikksikringsplan i 2022. dette arbeidet krev høg grad av involvering av interessentar, både i heradet, men og eksternt: styremaktene, fylkeskommunen, politi, mm.

Me kan ha god nytte av eit medlemskap i Trygg trafikk, samstundes som me får naudsynt innspel og rettleiing i trafikksiktringsarbeid gjennom arbeidet med temaplanen.

Økonomiske konsekvensar:

Kr 2500 i medlemskap, dersom heradet veljar å vera medlem i Trygg trafikk i 2022. Evt. kostand relatert til medlemskap er marginal og kan innarbeidast i driftsbudsjett.

Rådmannen sitt framlegg:

Ulvik herad teiknar medlemskap i Trygg trafikk. Kostnaden dekkast over vedteke budsjett for 2022 og innarbeidast i budsjett frå 2023.

11.05.2022 Formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteken.

FSK- 041/22 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Ulvik herad teiknar medlemskap i Trygg trafikk. Kostnaden dekkast over vedteke budsjett for 2022 og innarbeidast i budsjett frå 2023.